



27.7.2012

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** onsdag 20. juni 2012, kl. 14.15-16.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	LLE	Heming Gujord
	AHKR	Christian Sæle
	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård
	Frå administrasjonen	Hilde Hjertager Lund (observatør) Silje Anette Lindgren (sekretær)
Ikkje møtt:	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	S12/12 skal vere S12/22 Éi sak blei lagt til under eventuelt: Forslag til rammeplanar og nasjonale retningslinjer sendt til Kunnskapsdepartementet
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 14.5.12
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	1. Opptak til PPU Christian Sæle orienterte. 56 studentar er tekne opp ved HF. Talet på søkjarar fordelte seg slik: Historie: 21 Fransk:4 Spansk: 14 Tysk: 5 Italiensk: 1 RLE: 19 Filosofi: 5 Engelsk: 19 Norsk: 20 Norsk som andrespråk: 3 I opptaksmøtet blei praktiseringa av C-kravet diskutert, og opptakskomiteen etterlyser ei presisering, gjerne frå kvart enkelt fagmiljø. 2. Høyring – endring av krav til kompetanse ved tilsetjing i undervisningsstilling - Grunnskulelærarar Anne-Brit Fenner orienterte. Pga. streiken i Unio Stat, uttalte ikkje PUHF seg i denne saka.

Høringsfristen var 1. juni.

3. Seminar på Marsteinen Panorama 23.- 24. mai 2012

Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.

Hovudtema for konferansen var skuleerfaringa på 5. semester av integrert lektorutdanning og ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning.

På konferansen blei forventingane til dei nye rammeplanane diskuterte, og det blei uttrykt ei viss uro for kva blant anna profesjonsfag og praksisprøve vil innebære. Når det gjaldt praksis og skuleerfaring, blei det tydeleg at HF må styrkje dette arbeidet. Ved MN er praksis og skuleerfaring tydelegare integrert, for eksempel ved at skuleerfaringa blir trekt inn i eksamensarbeidet. Det er likevel viktig at eventuelle endringar i skuleerfaring og praksis står i forhold til nye rammeplanar.

Konferansen var viktig som samlingsarena for tilsette i lærarutdanninga ved UiB.

4. Besøk av programsensor 6. juni 2012 utsett

Anne-Brit Fenner orienterte.

Besøket frå programsensor Andreas Lund 6. juni 2012 er utsett, pga. streiken i Unio Stat. Ein reknar med at besøket vil bli arrangert hausten 2012.

5. LUA-seminar 14. og 15. juni utsett

Silje Anette Lindgren orienterte.

LUA-seminaret 14. og 15. juni er utsett til september 2012, pga. streiken i Unio Stat.

6. Orienteringssamtalar med studentar på ENGDI101 (kull 11)

Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.

Pga. streiken i Unio Stat, blir ikkje orienteringssamtalane med studentane på ENGDI101 (kull 11) haldne.

Av same grunn fell òg oppfølginga av samtalar med studentane på NODI101 vekk.

7. Redaksjonelle endringar i emneplanen for NOLISP350

PUHF hadde ingen merknader til endringane i emneplanen for NOLISP350.

8. Redaksjonelle endringar i emneplanen for NORMAU651

PUHF hadde ingen merknader til endringane i emneplanen for NORMAU651.

9. Redaksjonelle endringar i emneplanen for NORAN251-L

PUHF hadde to merknader til emneplanen:

1. I andre avsnitt under "Mål og innhald" manglar det tekst.
2. Setninga "Dessutan rettleiing på semesteroppgåve." bør slettast frå "Undervisning og omfang".

IV	Saker
<u>S12/20</u>	<p>Representasjon i Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning</p> <p>Vedtak: I samband med oppnemning av nytt Programstyre for adjunkt- og lektorutdanning, føreslår PUHF utifrå gjeldande mandat, følgjande: Fakultetet oppnemner leiar for PUHF som representant i Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning komande periode.</p>
<u>S12/21</u>	<p>Konsekvensar av streiken 24. mai - 7. juni 2012</p> <p>Konsekvensar av streiken i Unio Stat blei diskuterte, og i tillegg til konsekvensane nemnde i orienteringssak 2, 4, 5 og 6, blei desse vektlagde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • munnlege eksamenar på nordisk 300-nivå og i pedagogikk utsette • munnleg eksamen i engelsk fagdidaktikk PPU utsett • sensur på NODI201 og NODI302 utsett • utsett rettleiing og frist for innlevering av semesteroppgåver <p>Arbeidsoppgåver som skulle ha vore gjorte under streiken, skal kompensert for med overtid.</p>
<u>S12/22</u>	<p>Praksisbesøk – fagdidaktikk</p> <p>PUHF fattar ikkje noko vedtak i denne saka, då ho må behandlast i samband med innføringa av nye rammeplanar.</p>
V	<p>EVENTUELT</p> <p>Det var éi sak under eventuelt: Forslag til rammeplanar og nasjonale retningslinjer sendt til Kunnskapsdepartementet</p> <p>Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU sende 14.6.2012 over forslag til forskrifter om rammeplanar og nasjonale retningslinjer til Kunnskapsdepartementet. Det er uvisst når tid forslaga kjem på høyring og om Kunnskapsdepartementet skal behandle forslaga før dei blir sendte på høyring, men det er tidlegare sagt at høyringsfristen skal vere på 3 månader.</p>
	Anne-Brit Fenner
	Silje Anette Lindgren